



Tiltaksvifte BTI Sunnfjord kommune

Tiltaksvifta viser det samla tilbodet i Sunnfjord kommune utifrå kva som var etablert i tidlegare kommunar.

Tiltaka er under arbeid.

Tiltak	Type tiltak/målgruppe	Krev vedtak	Ansvar for tiltak
Førebyggjande tiltak			
Tidleg inn	<p>Formålet med «Tidleg inn» er at gravide og småbarnsfamiliar får kompetent hjelp tidleg på områda rus, psykisk sjukdom og vald gjennom tverrfagleg samarbeid.</p> <p>Tilsette i kommunen har fått opplæring i kartleggingsverktøy og metodar for samtale om rus, psykisk helse og vald.</p>	Nei	<p>Helsestasjon, legesenter og andre samarbeidspartar som jobbar med gravide og småbarnsforeldre.</p> <p>Rutinane er systematisk innarbeidd i heile kommunen.</p>

	<ul style="list-style-type: none"> - TWEAK (kartlegging rus hjå gravide) - Kartlegging vald - EPDS (Kartlegging psykisk helse hjå mor 6 veker etter fødselen) 		
Home start	Home-Start Familiekontakten (HSF) er eit familiestøtteprogram der frivillige besøker småbarnsfamiliar med minst eit barn under skulealder, 2-4 timer i veka.	Nei	Home-Start Familiekontakten Sunnfjord https://homestartnorge.no/avdelinger/hsf-sunnfjord/
Program for foreldrerettleiing:			
ICDP (International Child Development Programme)	ICDP er eit enkelt, helsefremmande og førebyggjande program som har som mål å styrke omsorga og oppveksten for barn og unge. Det rettar seg mot omsorgsgjevarar og skal styrke deira omsorgskompetanse. ICDP er anbefalt av m.a. WHO, og blir brukt ved dei fleste helsestasjonane i kommunen.	Nei	Helsestasjon Ein av flyktningkonsulentane i kommunen har tatt opplæringa i ICDP for minoritetsspråklege.
COS (Circle of Security - Trygghetssirkelen)	<i>Cos</i> er ein brukarvennleg modell for å analysere og tolke barns åtferd, følelsar og behov. Modellen har som mål å kunne rettleie foreldre, barnehage og skule i utviklingsstøttande omsorg. <i>Cos-p</i> er eit rettleiingsprogram for foreldre eller	Nei	Helsestasjon, barnehage, barnevern, kompetanseteam og PPT

<p>COS-P</p> <p>SBI (Se barnehagebarnet innenfra)</p>	<p>andre omsorgspersonar. Programmet kan brukast både individuelt , med foreldrepar eller i grupper.</p> <p><i>Se barnehagebarnet innenfra</i> er eit rettleiingsprogram for barnehageansatte. Rettleiing bidreg til å kunne arbeide prosess-og prosjektbasert i den enkelte barnehage, med fokus på barnet, foreldre og det å gje kollegastøtte.</p> <p>Cos er ein brukarvennleg modell for å analysere og tolke barns åtferd, følelsar og behov for å kunne rettleie foreldre i utviklingsstøttande omsorg. Modellen har som mål at barnet utviklar ein trygg tilknytning til sine foreldre.</p>		
<p>PMTO (Parent Management Training – Oregon Modellen)</p>	<p>PMTO står for Parent Management Training – Oregon, og er eit lavterskeltilbud til foreldre som har barn med åtferdsproblem. Tilbudet vert gitt til familiar med barn i alderen 3-12 år. Målet med rettleiing er at foreldre og barn skal gjenopprette ein positiv relasjon. Opposisjonell åtferd skal reduserast, og positiv utvikling skal fremjast.</p> <p>PMTO-tilbodet inneber eit tett samarbeid mellom ein terapeut og ein familie.</p>	<p>Nei</p>	<p>Sunnfjord kommune har tre PMTO terapeutar tilsett på helsestasjon og PPT, og fleire PMTO-rettleiarar tilsett i PPT, helsestasjon og ulike barnehagar.</p>

TIBIR	TIBIR står for tidleg innsats for barn i risiko. TIBIR er eit korttidsorientert rådgjevingstilbod til foreldre/føresette med barn i alderen 3-12 år der barna har mindre omfattande åtferdsproblem eller står i fare for å utvikle åtferdsproblem. Målet er å endre negativt samspel ved å lære foreldre alternative måtar å møte barnet på.		Sunnfjord kommune har fleire TIBIR rådgjevarar tilsett i helsestasjon, barnehage og kompetanseteam.
Marte Meo	Marte Meo er ein rettleiingsmetode utvikla av Maria Aarts i Nederland på 1970-tallet. Aarts sin intensjon var å styrke samspelet mellom foreldre og barn. Det blir tatt korte filmopptak av ulike samspelsituasjonar, som i etterkant blir analysert, og ein vel ut opptak som syner godt samspel.	Ja	Barnevern
Tuning in to Teens	Hovudfokuset for Tuning in to Teens er å styrke det emosjonelle bandet mellom foreldre og tenåringar. Foreldra blir trena opp til å møte tenåringane sine følelses uttrykk med nærleik og forståing, og til å støtte sin eigen og tenåringane si evne til sjølvregulering.		Distrikt: Naustdal
Kjærleik og grenser	«Kjærleik og grenser» er eit familieprogram for foreldre og unge, for å førebygge bruk av rusmiddel (tobakk, alkohol og narkotika), og for å styrke familien.	Nei	Distrikt: Gaular - Helsestasjon og Psykisk helse og rus
Team for oppfølging, råd og rettleiing			

Oppfølgingsteamet ved helsestasjonen	Oppfølgingsteamet er eit låg terskel tilbod for foreldre som kan ha behov for rettleiing i foreldrerolla. Formålet er å kome tidleg inn med hjelp før større behov oppstår (tidleg intervensjon). Teamet gjev også tilbod om samtalar og oppfølging av barn og unge. I teamet er det tilsett psykolog, PMTO-terapeutar, familierapeut, familierettleiar og miljøterapeutar med vidareutdanning i foreldrerttleiingsmetodar.	Nei	Helsestasjon
Kompetanseteam ved PPT - Migrasjonspedagog	Kompetanseteam er knytt til PPT og driv rettleiing ut i barnehagane, både som førebyggjande tiltak og som rettleiing knytt til barn med særskilte behov. Migrasjonspedagog rettleiar barnehagar i arbeid med barn og foreldre som har minoritetsbakgrunn. Det inneber støtte og vidareutvikling av barnehagepersonale sin kompetanse og arbeid innanfor det interkulturelle og fleispråklege fagfeltet.	Nei	PPT
Familieteam ved barnevernet i Sunnfjord:	Familieteamet er knytt til barnevernstenesta, og gir rettleiing til foreldre i konkrete saker som er meldt inn til barnevernstenesta. I teamet er det tilsett psykolog og teamet nyttar fleire ulike metodar for å få til endring i familiane.		Barnevern
Team for tverrfagleg samarbeid			

Koordinerende team for barn og unge:	Eit tverrfagleg team for barn og unge som har behov for langvarig og koordinerte tenester. Teamet vert leia av eining for Fagutvikling, men har medlemmar frå ulike einingar som jobbar med barn og unge sine behov.	Ja	
Tverrfagleg team barnehage	Arena for tverrfagleg samarbeid og drøfting av uro knytt til barn sin situasjon. Anonymt eller samtykke <ul style="list-style-type: none"> - Tilsette - Foreldre 		Distrikt: Naustdal og Gaular
Tverrfagleg team skule	Arena for tverrfagleg samarbeid og drøfting av uro knytt til barn sin situasjon. Anonymt eller samtykke <ul style="list-style-type: none"> - Tilsette - Foreldre 		Distrikt: Naustdal og Gaular